



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

# DELEGASJONSREGLEMENT FOR HJELMELAND KOMMUNE

2024 - 2027

Vedtatt av kommunestyret i sak xxx/24, xx.xx.2024



# Delegeringsreglement

Vedtatt i kommunestyret sak 081/24, den 31.10.2024

## Innholdsoversikt

### 1 Innleiing

### 2 Overordna prinsipp for delegering - Kommuenstyret som øvste styresmakt

#### 2.1 Kommunestyret

#### 2.2 Prinsippet om maksimal delegering

#### 2.3 Avgjerder som skal behandlast av folkevalt organ

#### 2.4 Prinsipiell / ikkje prinsipiell sak

#### 2.5 Betydninga av delegert mynde

#### 2.6 Klage på enkeltvedtak

#### 2.7 Mindretallsanke

### 3 Formannskapet

#### 3.1 Ansvarsområde

#### 3.2 Mynde

##### 3.2.1 Delegert mynde

##### 3.2.2 Innstillingsrett

##### 3.2.3 Rett til vidaredelegering

### 4 Administrasjonsutvalet

#### 4.1 Ansvarsområde

#### 4.2 Mynde

##### 4.2.1 Delegert mynde

##### 4.2.2 Innstillingsrett

##### 4.2.3 Rett til vidaredelegering

### 5 Areal- og forvaltningsutvalet

5.1 Ansvarsområde

5.2 Mynde

5.2.1 Delegert mynde

5.2.2 Innstillingsrett

5.2.3 Rett til vidaredelegering

6 Ordførar

6.1 Ansvarsområde

6.2 Mynde

6.2.1 Delegert mynde

6.2.2 Rett til vidaredelegering

7 Klagehandsaming og klageorgan

7.1 Ansvarsområde

7.2 Mynde

7.2.1 Delegert mynde

7.2.2 Rett til vidaredelegering

8 Valstyret

8.1 Ansvarsområde

8.2 Mynde

8.2.1 Delegert mynde

8.2.2 Innstillingsrett

8.2.3 Rett til vidaredelegering

9 Kontrollutvalet

9.1 Ansvarsområde

9.2 Mynde

10 Kommunedirektøren

10.1 Ansvarsområde

10.2 Mynde

10.2.1 Delegert mynde

10.2.2 Innstillingsrett

10.2.3 Rett til vidaredelegering

# 1 Innleiing

Delegeringsreglementet viser samla delegert mynde og innstillingsrett som er lagt til folkevalde organ og kommunedirektøren.

Delegeringsreglementet må sjåast i samanheng med møtereglementet. Desse dokumenta supplerer og utfyller kvarandre. Føresegner i kommunelova, forvaltningslova, offentleglova, arkivlova og andre lover gjeld også for folkevalde organ si verksemd.

Hjelmeland kommune sitt delegeringsreglement skal utgjera det settet av reglar som avklarer ansvars- og myndefordeling mellom dei ulike folkevalde organa og forholdet mellom kommunestyret og administrasjonen, og dessutan krav til rapportering.

Føremålet med å delegera styresmakt i kommunen er overføring av avgjerdsmynde og klar ansvarsfordeling for å sikra både rettstryggleik og rasjonell og effektiv saksbehandling. Med dette blir grunnlaget lagt for ei føremålstenleg folkevald styring av Hjelmeland kommune.

# 2 Overordna prinsipp for delegering - Kommunestyret som øvste styresmakt

## 2.1 Kommunestyret

### Val og samansetting

Kommunestyret består av 19 medlemmer med varamedlemmer. Kommunestyre blir valt etter reglane i vallova. Valet gjeld for den 4-årige kommunale valperioden, jf. kommunelova § 7-1 om konstituering.

Uttreden og fritak skal gjennomførast i samsvar med kommunelova § 7-9

Opprykk og nyval går føre seg i samsvar med kommunelova § 7-10

### Kommunestyret er øvste styresmakt

Kommunestyret er det øvste besluttande organet, med overordna ansvar for heile kommuneverksemda. Kommunestyret delegerer makta si gjennom dette reglementet.

Følgjande saker skal behandlast av kommunestyret sjølv:

- Saker der det i kommunelova eller særlover ligg til «kommunestyret sjølv» å gjera vedtak, og der denne styresmakta etter lova derfor ikkje kan delegerast - sjå fullstendig oversikt i KF Delegering
- Delegering av styresmakta til kommunestyret.
- Avgjerder av stor betydning, under dette dei viktigaste avgjerdene av organisatorisk og økonomisk karakter.

Kva saker som er ein «viktig avgjerd» må vurderast ut frå karakteren i saka og særleg kva konsekvensar / verknader saka kan få for kommunen i dag og i framtida. I den grad kommunedirektøren er i tvil om ei sak vil medføra ein «viktig avgjerd» skal kommunedirektøren rådføra seg ved å leggja saka fram for ordførar, jf. pkt. 5.2.1 bokstav d.

## 2.2 Prinsippet om maksimal delegering

I Hjelmeland kommune gjeld prinsippet om maksimal delegering. Det betyr at mynde blir delegert til lågaste nivå innanfor ramma av lovverket, så framt kommunestyret ikkje har vedteke noko anna.

## 2.3 Avgjerder som skal behandlast av folkevalt organ

Alle prinsipielle saker skal behandlast av folkevalt organ.

Avgjerd om å endra, oppheva eller gjera om vedtak som er fatta i folkevalde organ skal behandlast av det folkevalde organet som har fatta det opphavlege vedtaket eller overordna organ.

## 2.4 Prinsipiell / ikkje prinsipiell sak

Kva saker som er av prinsipiell betydning må vurderast ut frå karakteren i saka og moglege konsekvensar / verknader, og ut frå i kva utstrekking viktige relevante og skjønsmessige sider er klarlagde gjennom vedtak i folkevalt organ, instruksar eller tidlegare praksis.

Prinsipielle avgjerder gir kommande liknande saker eit ikkje-prinsipielt utgangspunkt. Med «liknande» siktar ein til at saksområdet og faktiske forhold gir grunnlag for å behandla sakene på lik måte

I den grad kommunedirektøren er i tvil om ei sak er av prinsipiell betydning skal kommunedirektøren rådføra seg ved å leggja saka fram for ordførar, jf. pkt. 5.2.1 bokstav d.

## 2.5 Betydninga av delegert mynde

Organet som delegerer gir ikkje frå seg si eiga styresmakt, men gir den i tillegg til nokre andre. Det delegerande organet kan gi instruksar og retningslinjer for utøvinga av den delegerte styresmakta, og kan når som helst trekkja delegasjonen tilbake.

Det organet som har fått delegert mynde, kan overlata til overordna organ å treffa avgjerd i saker der dette blir vurdert som føremålstenleg.

Sjølv om avgjerdsmakta er delegert, kan kommunestyret eller eit overordna organ innanfor ansvarsområdet sitt, og før saka er behandla av det underordna organet, krevja å få behandla alle saker som er delegert til det underordna organet, uavhengig av kven som har delegert myndet.

Etter at eit underordna organ har gjort vedtak kan overordna organ av eige tiltak gjera om eit underordna organ sitt vedtak, med dei avgrensingane som følgjer av forvaltningslova § 35

## 2.6 Klage på enkeltvedtak

Klage over enkeltvedtak treft av kommunestyret blir avgjort av Statsforvaltaren, eller anna statleg forvaltningsorgan der det er bestemt i lov.

Klagenemnda til kommunen er klageinstans der administrasjonen eller anna folkevalt organ enn kommunestyret har treft enkeltvedtak, og det ikkje følgjer av særlov at eit anna statleg forvaltningsorgan er klageinstans.

Det organet som har fatta enkeltvedtaket det blir klaga over (vedtaksorganet), skal først sjølv ta stilling til klaga (førebuande klagebehandling), jf. forvaltningslova § 33. Administrasjonen gjennomfører førebuande klagebehandling i saker der administrasjonen er vedtaksorgan. Vedtaksorganet skal gjennomføra dei undersøkingane klaga gir grunn til, og kan oppheva eller endra vedtaket dersom det finn grunnlag for å ta klaga til følgje.

Blir klaga på vedtak som skal behandlast av klagenemnda til kommunen ikkje teke til følgje av vedtaksorganet, blir saka send til førebuing for klagenemnda i tråd med rettsinstruksen.

Blir klaga på vedtak som skal behandlast av Statleg forvaltningsorgan ikkje teke til følgje av vedtaksorganet sender vedtaksorganet saka direkte til overordna statleg klageorgan (som regel Statsforvaltaren), med mindre anna er fastsett i dette reglementet.

## 2.7 Mindretallsanke

I saker der formannskapet eller eit hovudutval har fått delegert mynde frå kommunestyret, blir denne styresmakta avgrensa ved at minst to medlem/varamedlem av organet som var med på å behandla ei sak, ordførar, eller kommunedirektøren, kan krevja at vedtaket blir lagt fram for næraste kommunestyre, så langt særlov ikkje er til hinder for det.

Behandlinga og vedtaket til det underliggjande organet blir då sett til side og følgjer ikkje saka til overordna organ. Mindretallsanke er dermed ikkje ei klage eller ein anke, men ei utsetjing og overføring av saka til eit overordna organ slik at vedtak i saka først ligg føre ved avgjerda til det overordna organet. I saksbehandlingsreglementet blir det angitt nærare rammer for bruk av mindretallsanke.



## 3 Formannskapet

Heimel: Kommuneleven § 5-6 femte ledd.

### 3.1 Ansvarsområde

Arbeids- og ansvarsområdet til formannskapet omfattar m.a.:

- Økonomisaker, m.a. behandling og innstilling av saker om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding
- Styre av fond/legat, så langt dette ikkje er lagt til andre organ
- Oppfølging av byggeprosjekt over 5,0 mill. kroner, eller andre byggeprosjekt vedteke av kommunestyret
- Eigarstyring av selskap/føretak
- Eigedomsforvaltning, under dette eigarstyring av eigedommane til kommunen
- Fungera som "driftsutval" i saker som gjeld drift av bygg og anlegg, institusjonar m.v. Dette omfattar skule/SFO, barnehage, helse, omsorg, sosial og sektorovergripande tiltak, samt kultur, fritid, psykiatri og barnevernstenesta
- Overordna ansvar for samfunnstryggleik og beredskap
- Samferdsel og næringsutvikling
- Energiforvaltning, under dette overordna plan for val av energiløysingar og investeringar i fornybar energi
- Svare på regionale og nasjonale høyringar av prinsipiell og/eller sektorovergripande art
- Beslutningsmyndigheit i rettsvistar (i prinsipielle saker)
- Vedta investeringar innanfor budsjettet, under dette oppfølging av framdrift i vedtekne investeringar
- Overordna ansvar for finans- og økonomiforvaltning, under dette låneopptak og lånegarantiar i samsvar med finansreglement og handlings- og økonomiplan.
- Medlemer frå formannskapet utgjer administrasjonsutvalet, saman med representantar for dei tilsette
- Formannskapet er kommunen sitt klageorgan jf. kommuneloven og forvaltningslova §28
- Formannskapet er klageorgan for administrative enkeltvedtak og vedtak gjort av folkevalde organ, unnateke vedtak gjort av formannskapet sjølv eller kommunestyret, og med dei unntak som går fram av reglement for handsaming av klagesaker i kommunen (jf. fullmakt til AFU (Ksak 078/12))
- Formannskapet skal følgje opp kommunedirektøren si verksemd og leiarfunksjon, samt vurdere arbeids- og lønsvilkåra til kommunedirektøren ein gong i året

### 3.2 Mynde

#### 3.2.1 Delegert mynde

Formannskapet blir gitt generell myndigheit til å gjera vedtak i alle saker i tråd med vedtekne plan- og budsjetttrammer, så langt det ikkje kjem fram av lov eller forskrift at kommunestyret sjølv skal gjera vedtak i saka, eller kommunestyret har vedteke å leggja mynndet til seg sjølv eller eit anna organ, jf. kommunelova § 5-6 siste ledd. Dette omfattar mellom anna følgjande mynde:

- a. Myndigheit i alle saker innanfor ansvarsområda definert under pkt. 3.1.
- b. Styresmakt som kommuneplanutval.
- c. Mynde i saker av prinsipiell karakter i høve til lov om offentlege anskaffingar
- d. Mynde i saker i høve til handelslova
- e. Mynde i saker av prinsipiell karakter i høve til opningstidslova
- f. Mynde i saker av prinsipiell karakter i forhold til lov om heilagsdagsfred
- g. Kjøp, sal makeskifte, pantsetting , forkjøpsrett m.v. av kommunen sine eigedomar (gjeld ikkje mindre parsellar)
- h. Myndigheit til å gjera vedtak i saker som skulle vore avgjort av kommunestyret, når det er nødvendig å gjera eit vedtak så raskt at det ikkje er tid eller høve til å kalla inn kommunestyret, jf. kommune§ 11-8 i lova første ledd. Melding om hastevedtak skal leggjast frami det neste møtet i kommunestyret. I den grad det er nødvendig å gjera eit vedtak så raskt at det ikkje er tid eller høve til å kalla inn formannskapet er ordførar delegert tilsvarande mynde.
- i. Formannskapet kan oppretta arbeidsutval som består av medlemmer i formannskapet. Formannskapet kan gi arbeidsutvalet mynde til å gjera vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning. Samansettinga av arbeidsutval skal så langt det er mogleg spegla den politiske samansetninga av formannskapet.
- j. Formannskapet er valstyret til kommunen og samevalstyre ved stortings- og sametingsval og kommuneval. Kommunestyret delegerer valstyret fullmakt til å velja/utnemna medlemmer til stemmestyra, og fullmakt til å gjera vedtak i andre saker i samband med val der kommunestyret sjølv ikkje skal vera avgjerdsstyresmakt i samsvar med lov eller forskrift.
- k. Formannskapet sine faste medlemmer oppnemnde som kommunale vigslarar for perioden 2023-2027 (Ksak 064/23)
- l. Særskild styresmakt innanfor m.a. følgjande lover:

- i. Domstolloven § 68 første avsnitt
- ii. Kommuneloven
  - § 11-8 første avsnitt
  - § 20-3 sjette avsnitt
- iii. Skjønnsprosessloven § 4 – mynde til å avgjera om kommunen skal krevja rettsleg skjønn eller nytta rettsmiddel i prinsipielle skjønnsaker
- iv. Tvisteloven
  - § 1-4 a
  - § 2-1 – mynde til å avgjera om kommunen skal gå til søksmål eller nytta rettsmiddel i prinsipielle saker
- v. Plan- og bygningsloven
  - §§ 16-2 første ledd, 16-5 og 16-6 – gjera vedtak om ekspropriasjon på bakgrunn av reguleringsplan vedteke av kommunestyret
  - § 18-9 – gjera vedtak om refusjon

Andre saker som formannskapet skal handsame:

Oppdatert detaljoversikt over føresegner og særlover formannskapet har vedtaksmynde for skal komma fram av KF Delegering.

### **3.2.2 Innstillingsrett**

I saker der formannskapet ikkje sjølv har avgjerdsrett, innstiller formannskapet til kommunestyret i alle saker, med mindre anna følgjer av lov eller forskrift, eller kommunestyret sjølv har bestemt noko anna.

Formannskapet skal gi innstilling til kommunestyret når det gjeld kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen.

### **3.2.3 Rett til vidaredelegering**

Formannskapet kan gi arbeidsutval dei sjølv har utnemnt mynde til å gjera vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning.

Formannskapet kan delegera vidare makta si til å gjera vedtak i enkeltsaker og type saker som ikkje har prinsipiell betydning til hovudutval, ordførar og kommunedirektøren.

Formannskapet kan ikkje delegera vidare innstillingsretten sin.

## 4 Administrasjonsutvalet

Heimel: kommunelovens § 5-11

### 4.1 Ansvarsområde

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt (lovpålagde) utval for behandling av saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette. Ansvarsområdet frå administrasjonsutvalet er oppgåver som har tilknytning til arbeidsgivarfunksjonen til kommunen.

Administrasjonsutvalet skal halda seg oppdatert om korleis kommunen løyser oppgåvene sine innanfor ansvarsområdet frå utvalet. Utvalet skal få seg lagt fram for relevante analysar og styringsdata som gir innsikt i kommunen som arbeidsgivar. Utvalet kan leggja fram for kommunestyret forslag til mål og strategi for arbeidsgivarområdet, under dette utvikling av arbeidsgivarfunksjonen til kommunen.

Utvalet skal minst to gonger i året drøfte personalsituasjonen i kommunen, dvs rekruttering, kompetanse, HMS, sjukefråvær og andre personalrelaterte saker.

Arbeids- og ansvarsområdet frå administrasjonsutvalet omfattar m.a.:

- Administrasjonsutvalet tek i vare medråderetten til medarbeidarane etter hovudavtalens del B § 4 og kommunelova § 5-11. I saker der formannskapet eller hovudutvala har avgjerdsrett eller kor formannskapet har innstillingsrett til kommunestyret skal administrasjonsutvalet gi uttale innanfor ansvarsområdet sitt, under dette:
  - ved tilsetjing av kommunedirektør
  - overordna arbeidsgivarstrategi
  - etikk og antikorrupsjon (etiske retningslinjer og antikorrupsjonsprogram)
  - budsjett og økonomiplan, tertial og årsmelding
  - organisatoriske endringar, omstillingsprosessar og konkurranseutsetjing av kommunale oppgåver
- Vedta politikk og strategiar for arbeidslivsområdet, under dette om sjukefråvær, inkluderande arbeidsliv, likebehandling og likestillingsarbeid og arbeid mot diskriminering.

### 4.2 Mynde

#### 4.2.1 Delegert mynde

Administrasjonsutvalet blir gitt styresmakt i saker innanfor ansvarsområda frå utvalet definert over. I tillegg har administrasjonsutvalet følgjande delegerte styresmakt:

- Avgjera tvistespørsmål om tolking og praktisering av reglement som er fastsette av utvalet.
- Avgjera saker som blir tillagde utvalet av formannskap og kommunestyre.
- Vedta at administrasjonen skal gjennomføra mindre utgreiingar innanfor ansvarsområdet frå utvalet.

Oppdatert detaljoversikt over bestemmelser og særlover organisasjonsutvalget har vedtaksmyndighet for skal fremgå av KF Delegering.

#### **4.2.2 Innstillingsrett**

I saker der administrasjonsutvalet ikkje sjølv har avgjerdsrett innstiller administrasjonsutvalet til formannskapet.

#### **4.2.3 Rett til vidaredelegering**

Administrasjonsutvalet kan ikkje delegera vidare makta eller innstillingsretten sin.

# 5 Areal- og forvaltningsutvalet

Heimel: kommuneloven § 5-7 annet ledd

## Val og samansetting

Areal- og forvaltningsutvalet skal ha ni medlemmer med rangerte varamedlemmer for den einskilde liste. Medlemene og varamedlemene vert oppnemnde av kommunestyret på det konstituerande møtet etter kvart val. Medlemene skal fortrinnsvis vera medlem av kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

## 5.1 Ansvarsområde

AFU sitt arbeids- og ansvarsområde omfattar m.a.:

- Brann og brannvernsberedskap
- Arealforvaltningssaker etter jordlova, skogbrukslova og konsesjonslova
- Arealplanlegging
- Plan- og bygg - behandling av byggjesaker og reguleringsplanar og stadsutvikling
- Behandling av klagesaker på avslag om dispensasjonar m.v. (Dersom tidlegare vedtak vert oppretthalde vert saka sendt vidare til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd)
- Behandling av klager på reguleringsplanar (Dersom tidlegare vedtak vert oppretthalde vert saka sendt vidare til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd. Dersom klagen vert tekne til følgje, heilt eller delvis, vert desse oversendt til kommunestyret for endeleg handsaming)
- Klagehandsaming for alle andre saker etter særlov, som ikkje er lagt til anna organ
- Miljø, naturmangfald og forureining
- GEO-data
- Landbruk, under dette landbruks- og villtforvaltning
- Landskapsvern
- Trafikktryggleik
- Infrastruktur og mobilitet
- Havneforvaltning
- Uttalerett vedr. prioriterte investeringar i eigdomsforvaltninga innanfor ansvarsområdet frå utvalet (formålsbygg)
- Sal- og skjenkeløyve

## 5.2 Mynde

### 5.2.1 Delegert mynde

AFU blir gitt generell myndigheit til å gjera vedtak i alle saker innanfor ansvarsområdet sitt i tråd med vedtekne plan- og budsjetttrammer, så langt det ikkje kjem fram av lov eller forskrift at kommunestyret sjølv skal gjera vedtak i saka, eller kommunestyret har vedteke å leggja styresmakta til seg sjølv eller eit anna organ, jf. kommunelova § 5-7 andre ledd.

- a. Styresmakt i alle prinsipielle saker innanfor ansvarsområda til utvalet
- b. Særskild styresmakt innanfor m.a. følgjande lover:

- i. Beitelova §§ 12, 13 og 14
- ii. Forurensningslova
  - § 30 – myndigheit til å vedta forskrifter etter føresegna
  - § 58 anna avsnitt – framme krav om erstatning pva. allmenta
  - § 83 – delegera myndigheit til kommunale/interkommunale selskap
- iii. Konesjonslova §§ 5, 10 og 11 - Vurdering av/Vilkår for konsesjon
- iv. Odelslova § 27 - Dispensasjon frå buplikt
- v. Jordlova §12 - Vedtak om deling av landbrukseigedom
- vi. Naturskadelova §§ 20, 21, 22 23 og 24 - behandla og avgjera saker etter naturskadelova
- vii. Plan – og bygningslova
  - § 1-9 – behandla klagesaker av prinsipiell betydning
  - § 11-17 – vedta mindre endringar i kommuneplan
  - § 12-8 første og anna avsnitt – behandla planinitiativ (førespurnadssak og prinsippavklarings sak)
  - § 12-9 – vedta om det skal fastsetjast planprogram
  - § 12-11 – Vedta om privat reguleringsplan skal leggjast ut på høyring
  - § 12-12 andre avsnitt – vedta mindre reguleringsplan
  - § 14-2 –vedta å leggja konsekvensutgreiing ut på høyring
- viii. Skogbrukslova § 7 – løyve til vegbygging i skog
- ix.
  - x. Alkohollova
    - § 1-7 – skjenkeløyve
    - § 1-7 a – skjønnsutøving ved skjenkeløyve
    - § 1-8 – inndraging av sals- og skjenkeløyve utover standard inndraging etter lova
    - § 1-16 – Behandla klagesaker i første instans der AFU har gjort vedtak i saka
    - § 4-2 første, anna og fjerde avsnitt – omfanget for løyvet
  - xi. Alkoholforskriften
    - § 9-8 – fastsetja retningslinjer for kontroll
    - § 10-4 – vedta fleire eller færre prikkar og inndraging av løyve

Oppdatert detaljoversikt over føresegner og særlover utvalet har vedtaks for skal komma fram av KF Delegering.

## 5.2.2 Innstillingsrett

I saker der areal- og forvaltningsutvalet ikkje sjølv har avgjerdsrett, innstiller AFU til kommunestyret i alle saker, med mindre anna følgjer av lov eller forskrift, eller kommunestyret sjølv har bestemt noko anna.

For kommuneplanen sin arealdel gir areal- og forvaltningsutvalet tilråding til formannskapet.

### **5.2.3 Rett til vidaredelegering**

Areal- og forvaltningsutvalet kan gi arbeidsutval dei sjølv har utnemnt mynde til å gjera vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning.

AFU kan delegera vidare makta si til å gjera vedtak i enkeltsaker og type saker som ikkje har prinsipiell betydning til hovudutval, ordførar og kommunedirektøren.



# 6 Ordfører

Heimel: Kommuneloven § 6-1 fjerde avsnitt.

## 6.1 Ansvarsområde

Ordførers arbeids- og ansvarsområde omfattar m.a.:

- Leia møte i kommunestyret, formannskapet og administrasjonsutvalet
- Fastsetja dagsorden og kalla inn til møter i kommunestyret, formannskapet og administrasjonsutvalet
- Møte-, tale- og forslagsrett i alle kommunale folkevalde organ. I kontrollutvalet har ordfører møte- og talerett
- Ordfører har stemmerett i organ der vedkommande er valt inn som medlem
- Ordfører skal representera kommunen i diverse organ, der ingen andre er valt inn i staden
- Ordføreren skal vera bindeledd mellom folkevalde organ og administrasjonen, herunder ivareta styringsrolla og vera kommunen sitt ansikt utad (Pressekontakt, informasjon marknadsføring, kontakt med interkommunale, fylkeskommunale og statlege organ)
- Ordføreren skal arbeide for å ivareta kommunen sine spesielle interesser overfor fylkeskommunen og statlege instansar
- Ordføreren er rettsleg representant for kommunen og underskriv på dennes vegner i alle tilfelle der myndigheit til å representera og underskriva for kommunen ikkje er tildelt andre
- Vigsjar på vegner av kommunestyret
- Leiar av krisestaben til kommunen. Ordføreren skal saman med kommunedirektøren leia kommunen sitt sivile beredskapsarbeid og kan i ein beredskapssituasjon rekvirera naudsynte ressurser (både økonomiske og andre)
- Å avgjera fritakssøknader frå folkevalde
- Som del av Løns- og forhandlingsutvalet ha årleg medarbeidarsamtale med kommunedirektøren

### Varaordfører

I tilfelle der ordfører er forhindra frå å fungera i vervet, eller sjølv har gjort det klart at vedkommande ikkje kan fungera for ei viss tid, trer varaordfører inn i staden til ordføreren.

Dersom ordfører trer mellombels ut av vervet, og fråværet ikkje er, eller er forventet å bli kortvarig, skal kommunestyret velja ein mellombels setjevaraordfører som fungerer i varaordførers stad.

## 6.2 Mynde

### 6.2.1 Delegert mynde

Ordførar blir gitt generell myndigheit til å gjera vedtak i alle saker innanfor ansvarsområdet sitt som ikkje er prinsipielle i tråd med vedtekne plan- og budsjetttrammer, så langt det ikkje kjem fram av lov eller forskrift at kommunestyret sjølv skal gjera vedtak i saka, eller kommunestyret har vedteke å leggja myndet til seg sjølv eller eit anna organ, jf. kommunelova § 5-6 siste ledd. Dette omfattar mellom anna følgjande mynde:

- a. Styresmakt i saker innanfor ansvarsområda definert under pkt. 6.1
- b. Myndigheit til å gjera vedtak i saker, også prinsipielle, som skulle vore avgjort av formannskapet eller eit hovudutval, når det er nødvendig å gjera eit vedtak så raskt at det ikkje er tid eller høve til å kalla inn det organet som skulle ha avgjort saka, innafor ei ramme på kr 2000 000 jf. kommunelova §11-8 første ledd. Vedtaket skal fattast etter innstilling frå kommunedirektøren. Melding om hastevedtak skal leggjast fram i det neste møtet i det organet som skulle ha avgjort saka.  
Avgjerder som vil medføra store økonomiske forpliktingar for kommunen skal, så langt det er mogleg, blir godkjent av formannskapet.
- c. I periodar der formannskap eller hovudutval ikkje har møte (sommar- og juleferie) blir gitt ordførar styresmakt i til å gjera vedtak i alle saker som ikkje er av prinsipiell betydning og som kunne vore fatta av formannskapet eller eit hovudutval, når det er nødvendig å gjera eit vedtak raskt innafor ei ramme på kr 200 000. Ein føresetnad er at saka blir rekna så kurant at det ikkje er nødvendig å kalla inn det organet som skulle ha avgjort saka. Vedtaket skal fattast etter innstilling frå kommunedirektøren. Gruppeleiarane blir informerte på e-post så snart som mogleg dersom ordførar har nytta seg av fullmakta. Melding om vedtak skal også leggjast fram i det neste møtet i det organet som skulle ha avgjort saka.
- d. Myndigheit til å avgjera tolkingsspørsmål i tilknytning til saksbehandlings- og delegeringsreglementet og kva som skal reknast som prinsipielle saker og saker «av stor betydning» innanfor dei rammene som blir fastsette av kommunestyret gjennom delegeringsreglementet og andre vedtak. Der ordførar avgjer at ei sak ikkje er prinsipiell eller ikkje er «av stor betydning» skal det organet som eventuelt skulle fått saka til behandling orienterast om avgjerda.
- e. Myndigheit til å avgjera kva organ som skal behandla ei sak dersom ho berører fleire organs ansvarsområde. Ordførar skal vedta at saka skal avgjerast av formannskapet eller av eitt hovudutval. Vidare kan ordførar avgjera at saka før behandling i det vedtekne organet først skal til uttale i eitt eller fleire andre utval. Før slik avgjerd blir teke bør ordførar diskutera saka med ramma utvalsleiarar.
- f. Ordføraren representerer kommunen og kommunen sine eigarinteresser i selskap i dei tilfelle der andre tillitsvalde ikkje er utpeika av kommunestyret
- g. Ordføraren vert i medhald av kommunelova § 6-1 gitt mynde til å treffe avgjersler i dei tilfelle kommunedirektøren er inhabil etter Forvaltningslova § 6.
- h. Ordføraren får mynde til å innvilga tidsavgrensa permisjon frå politiske verv i inntil 1 år
- i. Ordføraren vert gitt mynde til å innvilga søknadar om tilskot og støtte til ideelle og humanitære organisasjonar i den utstrekning desse ikkje kjem inn under andre støtteordningar innafor andre budsjettpostar. Støtte kan gis for kvart enkelt føremål og innafor årleg budsjetttramme. Slike saker vert referert i formannskapet.
- j. Særskild styresmakt innanfor m.a. følgjande lover:  
Domstoloven § 191 - rett til å få forkynningar  
Tvisteloven § 2-5 – avløysaren til kommunen i rettstvistar  
Ekteskapsloven § 12 – vigselsrett på vegner av kommunen  
Kommuneloven § 11-8 første avsnitt (sjå over)  
Tinglysingsloven § 13 – rett til å underskriva dokument som skal tinglysast på kommunens vegner

Oppdatert detaljoversikt over føresegner og særlover der ordfører har vedtaksstyresmakt skal komma fram av KF Delegering.

### **6.2.2 Rett til vidaredelegering**

Ordfører kan delegera vidare makta si til å gjera vedtak i enkeltsaker og type saker som ikkje har prinsipiell betydning til kommunedirektøren.

# 7 Klagehandsaming og klageorgan

Heimel: kommunelovens § 5-1 bokstav k, jf. forvaltningslova § 28

Formannskapet er ved vedtak av dette reglementet Hjelmeland kommune sitt faste klageorgan, i medhald av Kommuneleva og Forvaltningslova av 10.02.67, § 28, 2. ledd.

Klagenemnd etter forvaltningslova § 28 for enkeltvedtak truffe av formannskapet, består av tre medlemar og tre varamedlemar vald av kommunestyret.

Formannskapet er klageorgan for einskildvedtak gjort av tenestemenn, med mindre vedkomande særlov bestemmer noko anna.

Unnateke frå denne regelen er klage på vedtak i medhald av plan- og bygningslova, som vert handsama av Areal- og forvaltningsutvalet som underinstans (jf. vedtak i k-sak 078/12. Sjå også reglement for Formannskapet).

## 7.1 Ansvarsområde

Formannskapet som klageorgan behandlar mellom anna klager på vedtak i saker om:

- Einskildvedtak i samsvar med forvaltningslova sine føresegner
- Parkeringsløyve for forflyttingshemma.
- Tildeling av kommunale bustader.
- Barnehageplass - i saker der det er tildelt barnehageplass, men ikkje i ønskt barnehage.
- Redusert foreldrebetaling i barnehage.
- Startlån og bustadtilskot etter forskrift om startlån frå Husbanken.
- Utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kap. 12.
- Avkøyringsløyve til kommunal veg etter veglova.
- VA klager etter lokal VA forskrift.

## 7.2 Mynde

### 7.2.1 Delegert mynde

Formannskapet som klageorgan behandlar klager over enkeltvedtak fatta i Hjelmeland kommune der ikkje annan klageinstans er særskilt bestemt i lov eller av kommunestyret.

Myndigheit til å avgjera klagar på enkeltvedtak i alle saker innanfor ansvarsområda definert over.

Særskild myndigheit innanfor følgjande lover:

Forvaltningsloven § 28 .

Dersom klageinstansen er eksternt organ (t.d. Statsforvaltaren) skal klaga handsamast av kommunedirektøren som underinstans (kan vidaredelegerast), før den ev. vert sendt over til klageinstansen, jf. forvaltningslova §33, 2. ledd 1. punktum.

Klage på enkeltvedtak truffe av formannskapet behandlast av klagenemnda oppnemnt av kommunestyret. Grunnlaget for slik klage er enkeltvedtak iht. forvaltningslova §2b fatta av kommunalt politisk organ eller administrativ instans.

Den eller dei som etter forvaltningslova har høve til å klage skal underrettast om at slik rett føreligg. Klagen skal føreleggast det organ eller den instans som har fatta vedtaket. Er vedtaket fatta av ein administrativ instans, skal klagen leggast fram for kommunedirektøren, dersom mynde er administrativt delegert, eller til vedkomande politiske organ, dersom mynde er politisk delegert.

Vert klagen komen i møte i vedtaksorganet, vert saka avslutta. Vert klagen oppretthalden, vert det lagt fram for klageutvalet til handsaming etter føresegnene i forvaltningslova. Vert vedtaket delvis oppretthalde i vedtaksorganet, er det å sjå på som nytt einskildvedtak, og kan påklagast på dette grunnlaget

Grunngjevingskravet i forvaltningslova gjeld også enkeltvedtak som fatta av klageutvalet.

## **Behandling av klager**

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtak er komme fram til vedkomande part.

Klagen vert framsett skriftleg for den instans som har gjort vedtaket. Sekretariatet til denne instans skal alltid vera behjelpelig med å sette opp klagen, når det vert bedt om hjelp.

Elles gjeld Forvaltningslova sine føresegner om klagen si form og handsaming. Det inneber også at enkeltvedtak som gjeld tilsetting verken kan påklagast eller skal grunngjevast.

### **7.2.2 Rett til vidaredelegering**

Formannskapet som klagerorgan kan ikkje delegera vidare makta si.

## 8 Valstyret

Heimel: kommunelovens § 5-1 bokstav k, jf. valgloven § § 4-1, jf. forskrift om valg til Sametinget § 17 første ledd.

### 8.1 Ansvarsområde

Valstyret blir utnemnt for ei særskild oppgåve, å gjennomføra valet innanfor perioden 1.7. – tom to dagar etter valdagen. I tillegg kan eit valstyre få tildelt oppgåver i samband med folkeavstemmingar.

I Hjelmeland kommune er formannskapet vald som valstyre.

Valstyret / samevalstyret trer saman ved gjennomføring av stortings- og sametingsvalet, som blir gjennomført kvart fjerde år. I tillegg trer valstyret saman ved gjennomføring av kommune- og fylkestingsvalet som blir gjennomført kvart fjerde år, men to år etter stortings- og sametingsvalet.

Valstyret har det overordna ansvaret for den formelle og praktiske tilrettelegginga og gjennomføring av stortings- og sametingsval, kommunestyreval og folkeavstemmingar, og er ansvarleg for at alle valgjennomføringane blir effektuerte og legg til rette på ein sikker og tillitsvekkjande demokratisk måte. Valstyret skal ta stilling til organiseringa og arbeidsdelinga mellom valstyret og administrasjonen i valgjennomføringa.

Opggåvene til valstyret omfattar m.a.:

#### Listeforslag

- Vedta frist for å søkja fritak frå listeforslag.
- Godkjenna listeforslag ved stortingsval og kommunestyreval.
- Leggja ut godkjende listeforslag til offentleg ettersyn.

#### Manntal

- Vedta frist for å krevja eit eksemplar av manntalet.
- Leggja ut manntalet til offentleg ettersyn.
- Føre inn veljarar og gjera rettingar i manntalet.

#### Stemmesetlar

- Vedta frist for partia å krevja eit tal stemmesetlar.
- Trykkja stemmesetlar til val.

## Stemmegiving

- Vedta inndelinga av røystekrinsane i kommunen.
- Avgjera kvar og når stemmegivinga skal gå føre seg ved førehandsstemmegivinga og på valdagen(e).
- Utnemna røystestyre ved alle røystestader.
- Utnemna røystemottakarar ved alle førehandsstader.
- Vedta frist for å søkja om stemmegiving heime.

## Valoppgjjer

- Vedta oppteljingsmåten i valgjennomføringa.
- Prøve og godkjenna stemmegivingar.
- Behandle forkastingar.
- Føre protokoll i samband med førebuing og gjennomføring av val.
- Gjennomføre valoppgjjer og fordela representantplassar til kandidatane på lista.
- Behandla klager ved vala.

## 8.2 Mynde

### 8.2.1 Delegert mynde

Valstyret blir gitt mynde i alle saker innafor dei ansvarsområda definert over. I tillegg har valstyret følgjande delegerte myndighet:

All delegert myndighet innafor vallova, valforskrifta og forskrift om val til Sametinget unnateke vallova §§ 4-1 og 9-2 anna ledd, jf. forskrift om val til Sametinget § 17 kvar kommunestyret sjølv skal fatte vedtak.

Oppdatert detaljoversikt over avgjerder og særlover der ordførar har vedtaksmynde skal komma fram av KF Delegering.

### 8.2.2 Innstillingsrett

Valstyret innstiller direkte til kommunestyret i følgjande saker:

- avgjerd om at det skal haldast to valdagar
- godkjenning av kommunestyrevalet
- søknadar / deltaking i forsøk i samband med valgjennomføringa

### 8.2.3 Rett til vidaredelegering

Valstyret kan gi leiar for valstyret eller kommunedirektøren myndigheit til å gjera vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning.



## 9 Kontrollutvalet

Heimel: Kommuneleva § 23

### Val og samansetting

Kommunestyret vel sjølv leiar, nestleiar og andre medlemmer og varamedlemmer til utvalet. Leiaren kan ikkje vera medlem av same parti eller tilhøyra same gruppe som ordføraren. Utvalet skal ha minst fem medlemmer. Minst eit medlem skal veljast blant medlemmene i kommunestyret.

Utvalet sin leiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir behandla.

Kommunestyret kan når som helst foreta nyval av utvalet sine medlemmer.

Ved utskifting av eitt eller fleire medlemmer av utvalet, skal alle medlemmer i utvalet veljast på nytt.

Sekretariatet skal vera uavhengig av kommuneadministrasjonen (kommuneleva §23-7).

### 9.1 Ansvarsområde

**Kontrollutvalet skal i samsvar med kommuneleva §23-2 sjå til at:**

- rekneskapane til kommunen blir reviderte på ein trygg måte
- det blir kontroll ført med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak
- det blir forvaltningsrevisjon utført av kommuneverksemda, og av selskap kommunen har eigarinteresser i
- det blir kontroll ført med forvaltninga av eigarinteressene frå kommunen i selskap m.v. (eigarskapskontroll)
- vedtak som kommunestyret treffer ved behandlinga av revisjonsrapportar, blir følgt opp

### 9.2 Mynde

**Kontrollutvalet vidare jf. kommuneleva §§23-2, 23-3, 23-4 og 23-5:**

- Leiaren av kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret eller når sakene frå utvalet skal behandlast. Leiaren av utvalet kan la eitt av dei andre medlemmene i utvalet utøva denne retten på sine vegner
- Kontrollutvalet kan krevja at kommunen eller fylkeskommunen legg fram alle opplysningar, forklaring eller dokument som utvalet finn nødvendig for å utføra oppgåvene sine
- Kontrollutvalet kan også gjennomføra undersøkingar som det meiner er nødvendige. Teieplikt er ikkje til hinder for å gjennomføra kontrolltiltak etter dette leddet
- Kontrollutvalet har rett til å vera til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen. Kommunestyret kan sjølv bestemma at denne retten ikkje gjeld lukka møte i kommunestyret

- Kontrollutvalet skal minst éin gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal vedtakast av kommunestyret
- Kontrollutvalet skal rapportera resultatata av arbeidet sitt til kommunestyret

## **Gjennomføring av møte m.m.**

Reglar for innkalling, melding om forfall, gjennomføring av møte, avrøysting, m.m. går fram av generelt møtereglement for styre, råd og utval i Hjelmeland kommune.

## **Generelle vilkår**

For tilhøve vedkommande utvalet si verksemd som ikkje er særskilt nemnt i generelt møtereglement eller i dette reglementet, som t.d. ugildskap, teieplikt, rett til godtgjersle m.m., gjeld generelt utfyllande reglar og vilkår slik det går fram av lovar og føresegner, kommunale reglement m.m.

# 10 Kommunedirektøren

Heimel: Kommuneleven § 13-1

## 10.1 Ansvarsområde

Arbeids- og ansvarsområdet til kommunedirektøren omfattar m.a.:

- Øvste leiar av kommuneadministrasjonen og all kommunal administrativ verksemd.
- Personalførvaltung.
- Setja i verk og følgja opp dei vedtaka som blir fatta av folkevalde organ.
- Eigeomsførvaltung.
- Anvisingsmyndigheit.
- Kommunedirektøren er del av Arbeidsmiljøutvalet.
- Med mindre anna er fastsett behandla klager over eigne vedtak i første instans, før ev. oversending til rett klageorgan.

## 10.2 Mynde

### 10.2.1 Delegert mynde

Kommunedirektøren skal sørjga for at administrasjonen blir driven i samsvar med lover, forskrifter og instruksar, og dessutan retningslinjer for bruk av fullmakt, og at han er gjenstand for trygg kontroll.

Kommunedirektøren blir gitt generell myndigheit til å gjera vedtak i alle ikkje prinsipielle saker i tråd med vedtekne plan- og budsjetttrammer, så langt det ikkje kjem fram av lov eller forskrift at kommunestyret sjølv skal gjera vedtak i saka, eller kommunestyret har vedteke å leggja styresmakta til seg sjølv eller eit anna organ, jf. kommunelova § 13-1 sjetto ledd. Dette omfattar mellom anna følgjande styresmakt:

- a. Mynde i alle saker innanfor ansvarsområda definert over.
- b. Myndigheit til å ta alle avgjerder rundt administrativ organisering, drift og utvikling av kommunen innanfor vedtekne budsjetttrammer.
- c. Fullmakt til å regulera driftsbudsjettet innafor ein funksjon i KOSTRA (t.d. mellom skular) der det ikkje medfører konsekvensar av prinsipiell karakter, eller bryt med kommunestyret sine intensjonar i budsjettvedtak eller andre vedtak.
- d. Fullmakt til å foreta justering av investeringsbudsjettet innafor ei ramme på kr 300 000 per justering der det ikkje medfører konsekvensar av prinsipiell karakter, eller bryt med kommunestyret sine intensjonar i budsjettvedtak eller andre vedtak.
- e. Personalførvaltung, under dette:

- leia og vareta oppgåvene i kommunen som arbeidsgivar innanfor dei rammene som følgjer av kommunelov, arbeidsmiljølov, hovudtariffavtalar, hovudavtalar, sentralt og lokalt inngåtte særavtalar og lokale reglement

- tilsetjing i alle stillingar unnateke kommunedirektørstillinga
- oppretta, inndra og gjera om stillingar
- avgjerd om oppseiing, suspensjon og avskjed i samsvar med føresegnene i arbeidsmiljølova
- fastsetja lønn innanfor føresegnene til tariffavtalen, og dessutan gjennomføra lønnsforhandlingar etter Hovedtariffavtalen
- vera representert i Arbeidsmiljøutvalget (AMU)

- f. Handtera alle saker om innkjøp innanfor vedtekne budsjетtrammer.
- g. Fullmakt til å endre satsar for driftstilskot til legar og fysioterapeutar i samsvar med sentrale avtalar eller anbefalingfrå KS.
- h. Fullmakt til å inngå fastlegeavtale med allmennlege.
- i. Forvalta eigedommane til kommunen innanfor vedtekne budsjетtrammer, under dette:
- drift, vedlikehald og utvikling av eigedomsporføljen til kommunen innanfor vedtekne budsjетtrammer
  - handtera alle saker om innleige og utleige av eigedom
  - forvalta festeiegdommane til kommunen, under dette handtera alle saker om innløyising, regulering av festeavgift, godkjenning av transport osv.
  - avgjera alle saker om hefte og servituttar
  - oppfølging av vedtekne byggjeprojekt
- j. Fullmakt til å begjære offentlig påtale ifølgje straffelova når det gjeld verdiar eller interesser kommunedirektøren forvaltar, eller fører tilsyn med.
- k. Generell prosessfullmakt i tråd med rettsinstruks til å avgjera bruk av rettsmiddel i alle saker som ikkje er prinsipielle. Ordførar og formannskapet skal haldast løpande orientert i tråd med rettsinstruksen. Plikt til løpande orientering gjeld ikkje barnevernssaker og saker om tvang etter helse- og omsorgstenestelova. Dette myndet kan ikkje delegerast vidare, bortsett frå i saker etter barnevernlova der styresmakta kan delegerast vidare til barnevernleiar.
- l. Bringa vedtak i utval inn for formannskapet eller vedkommande utval, dersom vedtaket etter vurderinga til kommunedirektøren er i strid med lov, plan, budsjетt eller overordna prinsipp vedteke av kommunestyret.
- m. Gjera vedtak i alle byggesaker og dispensasjonar etter plan- og bygningslova som ikkje er av prinsipiell betydning. Behandla klagesaker etter plan- og bygningslova som ikkje er av prinsipiell betydning. Vedta mindre endring av reguleringsplanar og mindre reguleringsplanar etter pbl. § 12-12 (2) og 12-14 (2) og (4) der hovudrammene for reguleringsplanen (under dette arealformål, utnytting og byggjehøgder) følgjer av overordna plan eller av plan- og bygningslova, og planen ikkje overstig 15 bueiningar.
- n. Fullmakt til å foreta detaljutforming og tilrettelegging av oppgåver og ansvar for verksemdene, inkl. å avgjere administrativ organisering av tenester og einingar.
- o. Kommunedirektøren blir delegert mynde til å tildela og seia opp avtaleheimlar for legar og fysioterapeutar.
- p. Anvisingsmynde for drifts- og kapitalbudsjettet til kommunen i samsvar med vedteke budsjетt og finansreglementet.
- q. Samordningsplikt for å styrke oppfølging av utsette barn.
- r. Barnekoordinator etter Helse- og omsorgstenestelova § 7-2a og Pasient- og brukaretslova §2-5c. Rett til barnekoordinator gjeld for familiar som har, eller ventar, barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonevne, kvar barnet har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester.

Særskild styresmakt innanfor m.a. følgjande lover:

- i. Alkoholloven  
§§ 1-7e, 1-7f, 1-7g, 1-8, 1-9, 1-10, 3-1b, 3-1c, 4-2, 4-5, 5-3 og 6
- ii. Alkoholforskriften  
§§ 5-2, 6-3, 10-2, 10-5, 10-6 og 11-2
- iii. Barnehageloven  
§§ 2, 2a, 4, 9, 10, 11, 14, 15, 19, 24, 25, 26, 27, 28, 29, 30, 32, 34, 35, 38, 39, 41, 47, 47a og 53,
- iv. Barnevernloven  
§§ 1-2, 2-2, 2-3, 2-4, 2-5, 3-2, 3-3, 3-4, 3-6, 4-2, 4-3, 4-4, 4-5, 5-2, 5-3, 5-5, 5-8, 5-9, 5-11, 6-1, 6-2, 6-3, 6-6, 7-6, 9-5, 10-12, 12-6, 12-7, 12-10, 13-4, 13-6, 14-6, 14-14, 14-17, 14-25, 15-4, 15-5, 15-6, 15-7, 15-8 og 15-12
- v. Brann og eksplosjonsvernlov  
§§ 5, 6, 7, 8, 11, 13, 14, 17, 28, 31, 33, 34, 35, 37, 39, 40 og 43.
- vi. Brukerromsloven § 5
- vii. Bustøttelova  
§§ 5, 8, 8a, 8b, 8c, 14 og 15
- viii. Bygdeallmeningsloven §§ 4-2 og 7-5
- ix. Eierseksjonsloven  
§§ 7, 8, 11, 13, 20, 21, 22, 23, 26 og 27
- x. Ekteskapsloven § 12 – vigselfrett på vegne av kommunen
- xi. Film- og videogramlova § 2
- xii. Fiskerpensjonsloven §§ 4 og 29
- xiii. Folkebibliotekloven §§ 1 og 4
- xiv. Folkehelseloven  
§§ 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15 og 16
- xv. Folkeregisterloven §§ 7-1 og 9-1
- xvi. Folketrygdloven §§ 5-21, 6-4 og 10-7
- xvii. Forpaktingslova §§ 4, 6, 7, 11 og 17
- xviii. Forskrift om forvaltning av hjortevilt  
§§ 3, 4, 7, 11, 14, 16, 18, 20, 32, 34 og 37
- xix. Forurensingsloven  
§§ 7, 9, 11, 20, 22, 23, 25, 30, 35, 36, 47, 48, 49, 50, 51, 51a, 52, 58, 73, 74, 75, 76, 78, 79, 80 og 83
- xx. Forurensingsforskriften  
§§ 1-2, 1-8, 1-10, 1-11, 1-12, 1-14, 2-7, 2-8, 2-9, 2-11, 2-12, 4-4, 4-7, 4-8, 4-9, 5-12, 11-4, 11-5, 12-5, 12-6, 12-14, 12-15, 13-5, 13-17, 15-2, 15-5, 15-6, 15-8, 15-9, 15A-4, 15A7, 16-1, 16-3, 16-4, 16-5, 20-6, 23-2, 31-3, 31-6, 31-11, 31-12, 32-5, 32-6, 36-5, 36-7, 36-8, 36-9, 36-12, 36-14, 36-15, 36-19, 36-22, 41-2 og 41-6.
- xxi. Friluftsløven §§ 22, 24 og 40.
- xxii. Gjeldsinformasjonsloven § 12
- xxiii. Gravplassloven §§ 3, 9 og 23

- iv. Havne- og farvannsloven
    - §§ 6, 7, 9, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 27, 32, 40, 42, 43, 44, 45, 46 og 47
  - xv. Helse- og omsorgstjenesteloven
    - §§ 3-2a, 3-4, 5-3, 5-6, 5-8, 9-3, 9-5, 9-9, 10-1, 10-2, 10-3, 10-6, 10-7, 10-8, 11-1, 11-2, 11-4 og 13-2
  - vi. Helseberedskapsloven §§ 2-2 og 2-3
    - vii. Helsepersonelloven §§ 25b, 26 og 32
    - viii. Helseregisterloven §§ 14, 17, 19 og 24
    - ix. Hundeloven § 9
    - xx. Husbankloven §§ 1, 10, 11 og 12
    - xi. Husleieloven §§ 11-1 og 11-2
    - xii. Integreringsloven
      - §§ 3, 7, 8, 13, 14, 15, 17, 18, 21, 22, 23, 25, 26, 29, 30, 32, 35, 36, 37, 40, 41, 42 og 44
    - xiii. Introduksjonsloven
      - §§ 3, 5, 7, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 20a, 25 og 27a
    - iv. Jordlova §§ 8, 8a, 9, 11, 18 og 19
    - xv. Jordskiftelova § 1-5
    - vi. Kommuneloven
      - §§ 13-1, 14-5, 14-6, 14-7, 14-13, 14-14 fjerde avsnitt, 14-15, 14-16, 14-17, 14-19, 14-20, 14-22, 16-1, 17-1, 20-1, 20-2, 25-1, 25-2, 27-4, 28-4,
    - vii. Konesjonsloven §§ 16, 17, 18 og 20
    - viii. Lakse- og innlandsfiskloven §§ 25, 30, 36, 42 og 47
    - ix. Lov om utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn § 6
    - x. Matloven § 18
    - xli. Matrikkellova
      - §§ 5, 6, 10, 11, 13, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23, 24, 25, 26, 27, 30, 32, 33, 35, 42, 44 og 48
    - clii. Motorferdselloven §§ 3, 4, 4a, 5 og 6
    - liiii. Naturmangfoldloven §§ 18, 41, 47, 48, 53, 54, 55 og 68
    - liv. NAV-loven § 14
    - clv. Odelslova §§ 30 og 32
    - lvi. Opplæringslova
      - §§ 1-5, 2-1, 2-2, 2-3, 2-6, 2-8, 2-11, 2-14, 2-15, 2-16, 4-5, 4A-1, 4A-2, 4A-4, 4A-7, 4A-9, 5-1, 5-3, 5-4, 5-6, 6-2, 7-1, 7-3, 7-4, 8-1, 9-1, 9-7, 9A-3, 9A-11, 9A-12, 10-2, 10-5, 10-6, 10-6a, 10-7, 10-8, 10-9, 10-11, 11-1, 11-1a, 11-2, 13-3e, 13-7, 14-3, 15-6, 15-9 og 15-10
    - vii. Opplæringslovforskriften
      - §§ 1-1, 1-4, 1-6, 1-8, 1-9, 1-14, 1-15, 1A-1, 1B-1, 1B-2, 1B-3, 2-8, 2-9, 3-4, 3-10, 3-11, 3-14, 3-15, 3-16, 3-17, 3-18, 3-19, 3-20, 3-21, 3-23, 3-24, 3-27, 3-28, 3-29, 3-33, 3-34, 3-36, 4-3, 4-6, 4-10, 4-13, 4-14, 4-15, 4-16, 4-19, 4-21, 4-25, 4-26, 12-1, 14A-1 og 17-1
    - viii. Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 4-6 a og 7-8
    - lix. Pasientjournalloven § 24
      - I. Personopplysningsloven, personvernforordningen artikkel 4.

- li. Plan- og bygningsloven
  - §§ 1-9, 2-1, 3-7, 4-3, 9-1, 12-2, 12-3, 12-4, 12-7, 12-8, 12-12 (annet avsnitt), 12-14 (annet og fjerde avsnitt), 12-15, 13-1, 13-2, 13-3, 15-1, 15-2, 16-3, 16-8, 16-11, 18-1, 18-2, 18-4, 18-6, 18-8, 18-9, 19-1, 19-2, 19-3, 19-4, 20-1, 20-2, 20-3, 20-4, 20-5, 20-6, 20-9, 21-1, 21-2, 21-3, 21-4, 21-5, 21-7, 21-8, 21-9, 21-10, 23-1, 23-3, 24-1, 25-1, 25-2, 25-3, 26-1, 27-1, 27-2, 27-3, 27-4, 27-5, 28-1, 28-2, 28-3, 28-4, 28-5, 28-6, 28-7, 29-2, 29-4, 29-6, 29-9, 30-2, 30-3, 30-4, 30-5, 31-1, 31-2, 31-3, 31,5, 31-6, 31-7, 31-8, 32-1, 32-2, 32-3, 32-4, 32-5, 32-6, 32-7, 32-8, 32-8a, 32-10 og 33-2
- lii. Privatskolelova §§ 3-3, 3-5, 3-6, 3-7, 3-14, 5-1, 7-9
- liii. Serveringsloven §§ 3, 8, 9, 11, 13, 15 (fjerde avsnitt), 18, 19, 22 og 24
- liv. Sikkerhetsloven §§ 6-4, 6-5, 6-6 og 7-4
- lv. Skatteloven §§ 2-37, 3-3 og 18-7
- lvi. Skjønnsprosessloven § 4 – myndighet til å avgjøre om kommunen skal begjære rettslig skjønn eller anvende rettsmidler i ikke prinsipielle skjønssaker i tråd med rettsinstruks.
- vii. Skogbrukslova §§ 5, 6, 8, 9, 10, 11, 16, 19, 20 og 23
- viii. Smittevernloven §§ 4-1 (femte og sjette avsnitt), 4-4, 4-6, 4-7, 4-9, 4-10, 7-1 og 7-2
- lix. Sosialtjenesteloven
  - §§ 3, 16, 18, 19, 20, 20a, 21, 22, 23, 25, 26, 28, 29, 30, 32, 33, 34, 36, 37, 38, 39, 40, 43, 43a og 49
- lx. Straffeloven § 45
- lxi. Straffeprosessloven § 188
- xii. Strålevernloven § 18
- «iii. Tobakksskadeloven §§ 29, 35, 36, 36b og 37
- «iv. Tolkeloven §§ 4, 5, 6, 7, 8, 9, 11, 12, 13, 15, 16, og 19
- xv. Trossamfunnsloven § 14
- «vi. Tvisteloven
  - § 2-1 – myndighet til å avgjøre om kommunen skal gå til søksmål eller anvende rettsmidler i ikke prinsipielle saker.
  - § 2-5 – delegert kompetanse fra ordfører til kommunedirektøren
- vii. Vannfallrettighetsloven §§ 18 (første ledd) og 19
- viii. Vannressursloven §§ 7, 11, 16, 27, 28, 53, 60, 60a, 60b og 65
- «ix. Vass- og avløpsanleggsloven §§ 2 og 3
- xx. Vassdragsreguleringsloven §§ 12 og 13
- «xi. Veglova §§ 7, 43, 44, 45, 48, 50, 51, 54, 57 og 58
- xii. Vegtrafikkloven §§ 5, 8, 11, 37, 38 og 43b
- «iii. Viltforskriften §§ 2-8, 2-9, 2-11, 3-3, 3-5, 3-8, 4-6, 5-1 og 8-2
- «iv. Viltloven §§ 7, 16, 23, 24, 26, 37, 38, 40, 48, 50 og 51
- xv. Voksenopplæringsloven § 6

Oppdatert detaljoversikt over føresegner og særlover kommunedirektøren har plikter og vedtaksmyndighet for skal komma fram av KF Delegering.

## 10.2.2 Innstillingsrett

I saker der kommunedirektøren ikkje har avgjerdsrett innstiller kommunedirektøren til alle folkevalde organ med unntak av kommunestyret.

Kommunedirektøren skal sjå til at dei sakene som blir lagde fram for folkevalde organ, er forsvarleg greidde ut og at utgreiinga gir eit faktisk og rettsleg grunnlag for å gjera vedtak. Under dette skal det sikrast at saksframlegg synleggjer alternative løysingar og det handlingsrommet som ligg føre.

### **10.2.3 Rett til vidaredelegering**

Kommunedirektøren blir rett gitt til å delegera vidare den styresmakta som er gitt til han eller henne i alle saker til eigen administrasjon, med mindre det er spesifisert at styresmakta ligg til kommunedirektøren «sjølv» eller angitt anna delegeringssperre.

Kommunedirektøren kan ikkje vidaredelegera sin mynde til å suspendera eller seie opp tilsette.

Intern delegasjon i administrasjonen skal komma fram av KF delegering og angi eventuelle vilkår som er knytt til bruk av delegert styresmakt, under dette om det er sperrer for ytterlegare vidaredelegering.